

MØTEBOK - TITTELBLAD - FORMANNSKAPET

Møtestad: FORMANNSKAPSSALEN	Møtedato: 12. FEBRUAR 2008	Frå kl.: 0830	Til kl.: 1430
Møteleiar:	Ordførar Olav Lunden		
Møteinnkalling: (kunnngjering):	Sendt medlemmer og varamedlemmer 06.02.08.		
Representantar som er borte:			
Vararepresentantar som er til stades:			
Til stades:	I alt: 5	Av desse 0 vararepresentantar	
	Merknader:		
Andre framømøtte:	Rådmann OddArve Rakstad Nærings- og utviklingssjef Per Holen		
Saker som vart handsama:	Sak nr./år (f.o.m.-t.o.m.): 9/08 – 16/08		
Merknader til møteboka:			
Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet:	Astri Taklo (sign.) Birte Fossheim (sign.) Jarle Andersen (sign.) Steinar Fredheim (sign.) Olav Lunden (sign.)		

MØTEPROTOKOLL

Formannskapet

Møtestad: **KANTINA, LEIKANGER SJUKEHEIM**

Møtedato: **12.02.2008** Tid: **0830**

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr. Tittel
9/08	08/87 OPPNEMNING AV FESTNEMND FOR OPNINGA AV LEIKANGER FLEIRBRUKSHALL, 'SAFTEN', OG NÆRINGSBYGG
10/08	08/47 SØKNAD OM TILSKOT TIL NORGESCUPEN 2008
11/08	07/818 ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR LEIKANGER KOMMUNE
12/08	08/82 BUSTADFELTET HJEDL - MINDRE VESENTLEG REGULERINGSENDRING
13/08	08/61 SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT PÅ MOENE
14/08	07/568 VEGANLEGGET GRØNLUND - SKEIDE
15/08	07/629 PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR FJORDHEIM PÅ HERMANSVERK - GODKJENNING
16/08	08/94 ORIENTERINGSSAKER

9/08

OPPNEMNING AV FESTNEMND FOR OPNINGA AV LEIKANGER FLEIRBRUKSHALL, 'SAFTEN', OG NÆRINGSBYGG

HANDSAMING:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken med denne endringa: Andre strekpunkt går ut.

VEDTAKET lyder etter dette slik, samr.:

Leikanger formannskap oppnemner følgjande representantar til festnemnd for markering av opninga av fleirbrukshallen og næringsdelen, og opninga av Fatlatunnelen:

- 1. Haavard Stensvand**
- 2. Astrid Hammer Bolstad**
- 3. Runa Aaland Eggum**

Næringsdelen i bygget vert oppmoda om å oppnemna ein representant i nemnda.

Festnemnda får følgjande mandat:

- Ansvar for og førebuing av eit arrangement kring markering av opninga av fleirbrukshallen og næringsdelen i same bygget, og opninga av Fatlatunnelen.**

Rådmannen nemner opp sekretær for nemnda frå administrasjonen.

Nemnda rapporterer til formannskapet om opplegg og økonomi innan 1. juni 2008.

Det skal avsetjast ei økonomisk ramme på budsjettet i 2009 til å gjennomføre arrangementet.

10/08

SØKNAD OM TILSKOT TIL NORGESCUPEN 2008

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger formannskap løyver kr. 3 000 til Norgescupen i skyting 23.-26. juli 2008.

Løyvinga vert dekkja over kto. 126324711 Arrangement ved overføring frå kto. 110294901 Tilleggsløyvingar.

11/08

ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR LEIKANGER KOMMUNE

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder slik, samr.:

Leikanger kommune vedtek å utarbeida kommunedelplan for energi- og klima. Firma Vestnorsk Enøk AS vert leigd inn til å utføra arbeidet i samsvar med tilbod av 01.11.07. Rådmann får fullmakt til å inngå avtale etter at det er gitt tilsagn om tilskot frå Enova.

Til arbeidsgruppe vert oppnemnt:

- 1. Frå dei politiske partia – Liv Bulling, Rune Henjesand, Jarle Bøyum, Jan Sigurd Haugen, Edith V. Eggum**
- 2. Frå administrasjonen – tenesteleiar Per Gjerland, avdelingssjukepleiar for heimetenestene Solfrid Høyheim**
- 3. Frå ungdomsrådet – 1 person**
- 3. Frå Leikanger bondelag – 1 person**
- 4. Frå næringslivet - 1 person**
- 5. Frå Sognekraft – 1 person**

Nærings- og utviklingsjef vert sekretær for arbeidsgruppa.

12/08

BUSTADFELTET HJEDL - MINDRE VESENTLEG REGULERINGSENDRING

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Formannskapet godkjenner oppføring av anten frittliggjande einebustader eller 2-mannsbustader på tomt nr.6 og tomt nr.8 på Hjedl som ein mindre vesentleg endring i reguleringsplanen etter §28.2 i Plan- og bygningslova.

13/08

SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT PÅ MOENE

HANDSAMING:

Representanten Jarle Andersen gjorde framlegg om fylgjande:

Leikanger kommune finn å kunne gje dispensasjon frå jordlova §§ 9 og 12 og arealdelen i kommuneplanen og gir løyve til frådeling av bustadtomt på gnr. 22 bnr. 4 Gjerde i Leikanger som omsøkt. Vedtaket vert grunnitt med at tomta ligg i ein utkant av bruket og etter formannskapet sitt syn ikkje vil vera til hinder for drifta

Ved røysting fekk framlegget frå Jarle Andersen 4 røyster. Tilrådinga fekk 1 røyst.

VEDTAKET lyder etter dette slik, med 4 mot 1 røyst:

Leikanger kommune finn å kunne gje dispensasjon frå jordlova §§ 9 og 12 og arealdelen i kommuneplanen og gir løyve til frådeling av bustadtomt på gnr. 22 bnr. 4 Gjerde i Leikanger som omsøkt. Vedtaket vert grunnitt med at tomta ligg i ein utkant av bruket og etter formannskapet sitt syn ikkje vil vera til hinder for drifta

14/08

VEGANLEGGET GRØNLUND - SKEIDE

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger kommune finn ikkje å kunna vera med på nokon økonomisk medverknad i denne saka.

Avslaget vert grunngitt med at det prinsipielt er feil av kommunen å gå inn i eit privat avtaleforhold mellom to utbyggingsselskap og at kommunen sin økonomiske situasjon heller ikkje gir høve til økonomisk medverknad.

Ordførar og varaordførar tek kontakt med partane i saka.

15/08

PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR FJORDHEIM PÅ HERMANSVERK - GODKJENNING

HANDSAMING:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken med denne tilføyinga i pkt.2: bygget ”og uteanlegget”

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder etter dette slik, samr.:

Leikanger kommune godkjenner i medhald av §27-2 i Plan- og bygningslova reguleringsplanen for Fjordheim med føresegnar, sist revidert 27.11.07, med desse endringane:

- 1. Grøntbeltet langs elva skal målsetjast i tråd med vassressurslova sin definisjon. Grøntbeltet skal og kunne nyttast til forsterking av elveforbygninga.**
- 2. I samband med ramme/byggesøknad skal det leggjast fram fylgjande dokumentasjon: Skriftleg forklaring saman med eigna illustrasjon på korleis bygget og uteanlegget er tilpassa omgivnadene og om det er ei open eller lukka form.**

16/08

ORIENTERINGSSAKER

TEMA:

- Fleirbrukshallen og Saften AS. Status og framdrift v/ A. Henjum
- Orientering om tenesteområde Pleie- og omsorg v/ A.M. Kråvik
- Kvartalsrapport for Oppvekst og omsorg v/ G. Steine
- Songnekraft AS – orientering om kraftlinetrasear småkraftutbygging Fjærland
- Gangveg Kløvi – spørsmål om forskotering av anleggskostnader
- Drøfting med Leikanger Næringshage